



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 17.03.2016  
**Møtestad:** Kantina, rådhuset  
**Møtetid:** 13:00 - 15:30

Kl. 09:30-13:00 Møte i styringsgruppa planstrategi

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Dag Hugaas	AP	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
May Eva Sandvik	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes		Ordfører
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Astrid Aarhus Byrknes
Vetlemøy Wergeland	KRF	Odd Leif Mjøs
Andreas Dyngen	FRP	Bjarte Vatnøy

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Leni Dale-kommunalsjef, Terje Sætre-rådgjevar, Ørjan Raknes  
Forthun-rådmann, Tove Mette Fyllingen-sekretær

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
021/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/16	Godkjenning av møteprotokoll frå 18.02.2016
023/16	Høyring - Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016 - 2020.
024/16	Høyring – Interkommunal nærings- og samfunnsplan region Nordhordland
025/16	Prosjektmandat – Temaplan for kommunal kriseleiing (KKL) i Lindås kommune
026/16	Melding/orientering til formannskapet 17.03.2016

### **021/16: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### **17.03.2016 Formannskapet**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **FO - 021/16 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste er godkjent

---

### **022/16: Godkjenning av møteprotokoll frå 18.02.2016**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

#### **17.03.2016 Formannskapet**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **FO - 022/16 VEDTAK**

Møteprotokollen frå 18.02.2016 er godkjent

---

### **023/16: Høyring - Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016 - 2020.**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

«Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016-2020» blir lagt ut til høyring.

#### **15.03.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

#### **Framlegg frå Ø.Moldeklev (Frp):**

Endring i del II «Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune pkt. 1 d frå:

«Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai, eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke med lov».

til

«Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai.»

Framlegget frå Ø.Moldeklev fekk ei røyst og fall (Ø.Moldeklev-Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot ei røyst (Ø.Moldeklev-Frp)

#### **LE - 023/16 INNSTILLING:**

«Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016-2020» blir lagt ut til høyring.

#### **17.03.2016 Formannskapet**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **Framlegg frå N.Øvreås-Frp:**

Endring i del II «Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune pkt. 1 d frå:

*«Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai, eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke med lov».*

til

*«Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai.»*

Framlegget fekk 3 røyster og fall (N.Øvreås-Frp, A.Dyngen-Frp og M.E.Sandvik-H)

#### **Framlegg frå M.E.Sandvik-H:**

Endring i del II Forskrift om sal-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune.

Punkt 1 Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

a) Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4,7 volumprosent kan skje frå kl. 08:00 til 20:00 på kvardagar også

b) laurdagar frå kl. 08:00 til 18:00.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (N.Øvreås-Frp, A.Dyngen-Frp, M.E.Sandvik-H, D.Hugaas-Ap og N.Bognøy-Ap)

#### **FO - 023/16 VEDTAK:**

«Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016-2020» blir lagt ut til høyring.

---

#### **024/16: Høyring – Interkommunal nærings- og samfunnsplan region Nordhordland**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet støttar høyringsinnspel til interkommunal nærings- og samfunnsplan slik det blir

lagt fram i saka.

#### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ass.rådmann Hogne Haugsdal orienterte om saka.

##### **Fellesframlegg:**

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Planen bør vera tydelegare på regionale oppgåver, det vil seia tiltak, som er felles for å løfta heile regionen.

Endeleg handsaming av planen bør utsetjast til ny kommunestruktur i Nordhordland er avklart.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO - 024/16 VEDTAK:**

Formannskapet støttar høyringsinnspel til interkommunal nærings- og samfunnsplan slik det blir lagt fram i saka.

Planen bør vera tydelegare på regionale oppgåver, det vil seia tiltak, som er felles for å løfta heile regionen.

Endeleg handsaming av planen bør utsetjast til ny kommunestruktur i Nordhordland er avklart.

---

#### **025/16: Prosjektmandat – Temaplan for kommunal kriseleiing (KKL) i Lindås kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for utarbeiding av ein temaplan for kommunal kriseleiing (KKL).

#### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ass.rådmann Hogne Haugsdal orienterte om saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO - 025/16 VEDTAK:**

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for utarbeiding av ein temaplan for kommunal kriseleiing (KKL).

---

#### **026/16: Melding/orientering til formannskapet 17.03.2016**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

#### **17.03.2016 Formannskapet**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO - 026/16 VEDTAK:**

Meldinga vert teke til orientering

---